

**Fra:** Bodil Karin Natås  
**Sendt:** 1. februar 2016 10:03  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** VS: Trafikksikringsplan 2016

Trafikksikringsplan 2016 - innspel

Vi har no vore så heldige å fått asfaltert vegen mellom Sævråsvåg – Vågseidet Fv 396 som var utruleg dårlig, til mykje betre standard. Det som og står att på strekninga Sævråsvåg-Vågseidet er fe-rista på Natås som er farleg dersom ein ikkje ser skiltet. Etter asfalteringa har den blitt liggjande mykje for lågt, og ein må bremsa heilt med for å siga over pga høge kantar på begge sider av fe-rista.

Men vegen mellom Sævråsvåg – Myking Fv 397 står att med like dårleg standard. Den har store hol, store felt med «holmønster», eit par gamle fe-rister som er fjerna og lagt igjen, og som har sige og etterlate farlege situasjonar, som at dersom ein er ukjent på vegen kan knusa kjøretøyet. Har og mange stygge asfaltkantar midt over vegen etter lappingar av små område. Storparten av vegen er i elendig stand og treng snarleg opprusting.

Mvh Bodil Natås  
Hodneland 229  
5957 Myking